



HELSE BERGEN

Haukeland Universitetssykehus

Avdeling for psykosomatisk medisin

Ressurssenter om vold, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging – Region Vest
(RVTS-Vest)

Barne- og likestillingsdepartementet
Samlivs- og likestillingsavdelingen
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Deres

Vår

Bergen, 15.01.09

Høyringsuttale (200804147)- framlegg om lovfestning av krisesentertilbodet

Generell innleiing

RVTS-Vest er glad for arbeidet for å auke kvalitet på delar av krisesentertilbodet, og betring av samordning mellom ulike tenester. Det er naturleg at dette dels kan gjennomførast ved lovfestning, men vi har nokre synspunkt som vi vil gjere i underliggende punkt.

Punkt 1 ”Beskrivelse av dagens situasjon”

Høyringsnotatet gjev eit realistisk bilde av krisesentra slik dei i dag framstår. Utfordringane kring drift, ideologi og samhandling med andre er mange. Det er eit ansvar å kvalitetssikre tilbodet til voldsutsette og det er viktig at Staten tek ansvar for slike tilbod. Ei delvis friviljug teneste kan ikkje på sikt bera eit så stort og viktig samfunnsansvar

Punkt 2 ”Hva skal lovfestes og forankring av tilboden”

Lovfestning av at kommunane har ansvar for tilboden for voldsutsette er viktig. Utsegna i høyringsbrevet ”medfølgende barn”, er ideologisk vanskeleg. Barn som lever med foreldre utsett for vold er sjølv eit voldsoffer og det må speglast i lovverket. Barn må få status som brukarar av krisesentra.

Vi er noko uroleg over at kommunen sjølv kan definere kva som er eit godt nok tilbod. På den måten kan mange kommunar i økonomiske vanskar komme til å gje eit dårlegare tilbod enn det som er i dag. Vi ber om at formuleringa ”tilsvarande tilbod” vurderast for ikkje å gje rom for legitimering av kompromiss.

Punkt 3 Kommunenes ansvar og innhold i krisentertilboden

Som nemnt i punktet over vert innhaldet i kommunen sitt tilbod det avgjerande og det vert komplekst når ein kommune skal organisere tilboden til 20-30 kommunar.

Innhaldet i eit Krisesenter må være beskyttelse mot nye overgrep, ein stad der ein er trygg nok til å kunne sjå andre og nye løysingar. Staden må kunne gje omsorg, praktisk hjelp og psykososial støtte.

Slik psykososial støtte har ofte karakter av hjelp til sjølvhjelp. Det er viktig at element av denne forståinga vert teke med inn i eit kommunalt kriesentertilbod. Vi viser her til høyringsuttalen frå SFMO.

Ved at kriesentra vert kommunale institusjonar vil og arbeidet med sikkerheit og krisehandtering verte teke hand om.

Punkt 4 Målgrupper

Det er viktig at det vert lovfesta at tilboden er knytta til det å være i risiko knytt til vold uansett alder, kjønn eller etnisitet.

Kjønn

Samstundes ser vi utfordringar knytt til å opne opp for menn. Dei ulike Sentra mot Incest har hatt same debatten, men har arbeid bevist og har no tilbod som vert gjeve uavhengig av kjønn. Det krev tett dialog og god forståing for kriesentra sin eigenart å endre det ideologiske fundamentet som ligg til grunn for eit til no kvenneretta tilbod, og også ein gjennomtenkt plan for korleis dette strukturelt skal løysast slik at tryggleiken vert den same for kvinner ved sentra. Vi viser her til høyringsuttale frå FMSI (Fellesskap mot seksuelle overgrep).

Barn

Barn er den gruppa i samfunnet som opplever vold mest, samt at dei i større grad enn tidlegare forstått opplever vald mellom vaksne som krenkande. Barn er i denne samanhengen sjølvstendige subjekt og ikkje berre med foreldre. Tilboden må derfor være tilpassa barn i ulik alder.

Etnisitet

Ein aukande del av dei som søker hjelp på kriesenter har framandkulturell bakgrunn. I høyringsnotatet vert det foreslått at dei utan lovleg opphold i Noreg ikkje skal ha lovfesta tilbod. Dette trur vi ikkje er ei god løysing. Dei som oppheld seg i landet utan løyve kan være på flukt frå vold og overgrep, dei er ei gruppe der det er store risiko for vold og overgrep av ulik karakter. Vi viser her til høyringssvaret frå RVTS Nord.

Punkt 5 ”Kvalitet i tilboden og tilrettelegging for ulike målgrupper”

Under pkt 3 skriv vi om sikkerhetsplanlegging og krisehandtering. Det er viktig at Kriesentra inngår i tverretatleg samarbeid kring dette m.a. med Familivoldskoordinator i politiet og med barnevern og andre instansar.

Barn vert ofte sett på som nokon eit voldsoffer har med seg til eit kriesenter. Vi er oppteken av at barn er sjølvstendige subjekt som ved å leve med vold i familien er voldsoffer sjølv. Eit kriesenter må derfor ha barnefagleg kompetanse og merksemd. Vi er ikkje av den meining at alle barn på kriesenter er barnevernet sitt ansvar, men det er viktig å ha merksemd på at barn og ein forelder med voldsofferfaring ikkje alltid har same interesse, men må få eigne tilbod.

Krisesentra har tradisjonelt hatt fokus på ivaretaking av kvinner med voldsoffererfaring. Når det no skal være ein kjønnsnøytral institusjon må det og kunne leggast til rette for menn som voldsoffer.

Punkt 6 ”Samordning av tjenester”

Krisesentra som kommunale institusjonar gjev auka sjanse til å være del av eit apparat der ein samhandlar med andre. Tett samarbeid på tvers av sektorar, etatar og profesjonar bør være eit formalisert krav.

Punkt 7 ”Taushetsplikt og meldeplikt”

Tilsette på Krisesentra vil verte kommunalt tilsette underlagt Forvaltningslovas regler både når det gjeld teieplikt og meldeplikt. Dette er ei bra ordning etter vår mening.

RVTS-Vest er nøgd med at opplysningsplikta for tilsette ved krisesentra vert heimla i barnevernlova § 6-4 a. Likeins er det viktig at det vert nedfelt i lovutkastets § 9. Dette er ein tydelig stadfesting av at samfunnet tek barn på alvor. Det bør lovfestast at bekymringsmelding til barnevernet vert teke opp til vurdering som fast prosedyre når barn kjem til krisesentra.

Punkt 8 ”Politiattest”

Her kan vi berre uttrykke semje med forslaget.

Punkt 9 ”Internkontroll og kommunalt tilsyn”

Her har vi ingen kommentar til forslaget.

Punkt 10 ”Statlig tilsyn”

Ingen kommentar til forslaget

Punkt 11 ”Svalbard”

Ingen kommentar til forslaget

Punkt 12 ”Økonomiske og administrative konsekvenser”

RVTS Vest er av den oppfatning at forslaget om at det integrerast i rammetilskot til kommunen og at den statlege finansieringa omorganiserast, som den største risiko ved lovforslaget.

Dei store krisesentra i dei største byane vil kunne overleve godt som kommunale tilbod, men faren er til stades for at forslaget kan medføre at mindre kommunar med andre økonomiske rammer prioriterar dette viktige tilbodet lågare.

Ei lovfesting av slikt tilbod vil ikkje være nok til å utløyse faste trygge tilskot som kan sikre langsigktig drift av dei krisesentra som dekkjer store deler av distrikta i Noreg.

Punkt 13 Øvrige merknader

Høyringssvaret er i hovudsak utarbeida av Inge Nordhaug, leiar for Fagteam vald og seksuelle overgrep, men i samråd med underteikna og andre i staben ved RVTS-Vest

Med helsing

Dag Ø. Nordanger
Senterleiar
RVTS Vest